

# STYRINGSFØRESEGN FOR BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

(Vedteken 06.02.91, sist endra 17.06.20)

## § 1 INNMELDING I LAGET

Styret<sup>(1)</sup> fastset dei opplysningane som skal gjevast ved innmelding<sup>(2)</sup> i laget. På innmeldingsskjemaet skal vera attgjeve lagslova §1 og §3 fyrste, andre og siste leden. Styret avgjer om innmeldinga skal godkjennast. Avslag skal grunngjevast.

L = Lagslova S = Styringsføresegna  
(1) L §5 (2) L §3

## § 2 LAGSMØTE

Innkalling til lagsmøte<sup>(1)</sup> med sakliste skal kunngjerast ved oppslag. Dersom lagsmøtet skal handsama saker der det skal gjerast bindande vedtak, skal innkalling sendast kvar einskild medlem seinast 14 dagar i førevegen. Alle saker som skal avgjerast må ha stått på saklista. Det skal førast møtebok over program, framlegg<sup>(2)</sup>, røysting<sup>(3)</sup>, og vedtak<sup>(4)</sup>.

(1) L § 2 (2) S § 22 (3) L §12, S § 25  
(4) L §12 jf. L § 2, 2. leden, L §10, § 13 - § 16 og S § 28, § 29.

## § 3 ARBEIDET I SÆRLAGA

Alle særlag<sup>(1)</sup> skal arbeida i samråd med styret<sup>(2)</sup> og alltid i samsvar med føremålet til laget<sup>(3)</sup>. Særlaga må ikkje skipa til noko som kjem i vegen for laget eller samkomene der<sup>(4)</sup>, utan at styret har gjeve løyve til det føreåt.

Eit særlag kan ikkje venda seg utetter om anna enn det som gjeld sjølve drifta av særlaget utan at styret har gjeve samtykke til det.

Eit særlag kan ikkje taka imot årspengar frå ein medlem for lenger tid enn han ved lagskortet viser at han har lagt årspengar til laget.

(1) L § 2, 3. leden, S § 28. (2) L § 5  
(3) L § 1 (4) L § 2, 1. og 2. leden.

## § 4 LAGSARKIV

Lagsbøker, brev, brevkopiar, kartotek, lydband og andre dokument skal takast godt vare på slik styret fastset<sup>(1)</sup>.

Opplysningar frå lagsbøkene og arkivet skal gjevast lagsfolk som ber om det dersom ikkje sterke grunnar talar imot. Avslag kan prøvast av lagsmøte <sup>(2)</sup> etter klage.

(1) L § %, 1. leden (2) I §", 1 l. og 2. leden

## § 5 TENESTEMÅL

Nynorsk er det skriftlege tenestemålet.

## § 6 TEIESKYLDNAD

Styret kan vedtaka <sup>(1)</sup> at styremedlemer og tilsette i eit avgrensa tidsrom skal teia med opplysningar dei får i tenesta, dersom det trengst av forretningsomsyn eller andre særlege grunnar.

Regelen gjeld tilsvarande for rådet. <sup>(2)</sup>

(1) L § 6, 3. leden jf. L §5, 1. leden.      (2) L § 9, 3. leden

## § 7 HINDRING MOT Å HA VISSE TILLITSOMBOD SAMSTUNDES

Lagsleiaren og dei andre i styret med varamedlemer <sup>(1)</sup> og ordføraren og varaordføraren i rådet <sup>(2)</sup> kan ikkje vera leiar i eit særslag <sup>(3)</sup> eller i styret for eit økonomisk tiltak laget har meir enn 25 % eigardel i. Styremedlemer i eit tiltak som nemnt, ordføraren og varaordføraren i rådet kan ikkje vera med i eit særlagsstyre <sup>(4)</sup>.

(1) L § 4      (2) L § 7      (3) og (4) L § 2, 3. leden

## § 8 TILSETTE SOM IKKJE KAN VELJAST

Tilsette i laget eller i økonomiske tiltak laget eig fullt ut, kan ikkje veljast til lagsstyret <sup>(1)</sup>, rådet <sup>(2)</sup> eller styret for tiltaket.

(1) L § 4      (2) L § 7

## § 9 VAL TIL VISSE OMBOD I LAGET

Årsmøtet <sup>(1)</sup> vel til:

Valnemnda,	for 1 år , sjå § 12
Barnelaget,	2 styremedlemer for 2 år(slik at 1 er på val kvart år), 1 varamedlem for 1 år,
Hyttestyra	eitt for kvar hytte Leiar for 1 år 4 medlemer for 2 år (slik at 2 er på val kvart år, minst 2 gutar og 2 jenter)
Bunadsnemnda	for 1 år, sjå § 16
Målnemnda	for 1 år, sjå § 14

(1) L § 11

## § 10 VAL PÅ UTSENDINGAR OG TIL OMBOD UTANFOR LAGET

Årsmøtet <sup>(1)</sup> eller eit lagsmøte <sup>(2)</sup> vel utsendingar til årsmøta i

Noregs Ungdomslag <sup>(3)</sup>  
Noregs Mållag <sup>(4)</sup>  
Bygdelagssamskipnaden  
Fylkesmållaget Vikværingen  
LL Det Norske Teatret  
Dag og Tid AS

Likeeins til rådet i Norsk Barneblad.

Lagsstyret peikar ut styremedlem til Oslo Nye Sparebanks Fond, Den mangfaldige scenen AS og Norsk Barneblad. Det peikar og ut representantar til generalforsamlinga i Den mangfaldige Scenen AS.

Val etter fyrste leden skal gjerast etter reglane for listeval i § 11 <sup>(5)</sup>. Det same gjeld for framlegg til styreombod laget har rett til i organisasjon nemnd i fyrste leden, og som årsmøtet i laget skal gjera vedtak om, jr. lagsova § 11 nr. 10.

Ingen kan vera utsending til lag eller samskipnad e.l. der han er tilsett eller har eit framstående tillitsombod. For Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Bygdelagssamskipnaden og Fylkesmållaget Vikværingen skal som framstående tillitsombod her berre reknast medlem og fast møtande varamedlem i styret for organisasjonen.

(1) L § 11                      (2) L § 2, 2. leden                      (3) og (4) L § 13  
(5) S § 11, 1., og 2. leden, og 3. leden brukt tilsvarende.

## § 11      LISTEVALET

Framlegg på listeval <sup>(1)</sup> kan leverast skriftleg til lagskontoret før årsmøtet <sup>(2)</sup>. Det er òg høve til å koma med framlegg på årsmøtet.

Dei som kjem med framlegg om namn til listeval skal på førehand ha spurt dei dei kjem med framlegg om.

Røystesetlane skal ha alle framlegga i alfabetisk rekkjefylgje.

Høgaste talet på namn ein kan røysta på skal vera det talet som kan veljast.

Har to eller fleire fått like røystetal, skal rekkjefylgja avgjerast med lutdraging <sup>(4)</sup>. Nemnda som står for oppteljinga av røystene står for lutdraginga.

(1) L § 7                              (2) L § 11  
(3) L § 7, siste leden              (4) Jf. L § 12, 3. leden

## § 12      VALNEMNDA

Valnemnda<sup>(1)</sup> har 5 medlemmer med 4 vara medlemmer. Valet vert skipa etter reglane for listeval i § 11<sup>(2)</sup>, men slik at særлага skal kome med framlegg til minst ein kandidat kvar. Ingen kan vera med i valnemnda i meir enn 3 år på rad. Nemnda vel leiar og nestleiar seg imellom.

Nemnda skal koma med eitt framlegg til val på dei ombodsfolka som årsmøtet vel etter lova § 11 nr. 8, nr. 9 og nr. 10 <sup>(3)</sup>, unnateke valnemnda. Nemnda må ikkje gjera framlegg om andre enn dei som har sagt seg viljuge til å taka mot val.

Nemnda si tilråding skal vera mangfaldig til utgjeving minst ei veke før årsmøtet, og skal delast ut på møtet. Det skal gå fram av tilrådinga kven som står på val og kven som står att. Dersom valnemnda ikkje kjem fram til samrøystes framlegg, skal det gå klart fram kven i nemnda som stør dei ulike framlegga.

(1) L § 9.                      (2) S § 11.                      (3) Jf. S § 9.

## § 13      HYTTESTYRA

Laget har eitt hyttestyre <sup>(1)</sup> for kvar hytte.

Hyttestyra har ansvaret for drift og vedlikehald av hyttene. Dei skal ha tilsyn med bruken av hyttene, og har ansvaret for å setja opp hyttetakter. Lagsstyret fastset retningslinjer for den økonomiske styringa av hyttene.

Styret skal leggja fram melding om arbeidet sitt på årsmøtet <sup>(2)</sup>

(1) S § 9 Jf. L § 11 nr.10

(2) Jf. L § 11 nr.2

#### **§ 14 MÅLNEMNDA**

Målnemnda<sup>(1)</sup> skal ha 3 til 5 medlemmer. Nemnda vel sjølv leiar.

Nemnda skal driva arbeid for å fremja nynorsk språk.

Nemnda skal vera eit rådgjevande og opplysende organ.

Nemnda skal leggja fram ei melding om arbeidet sitt på årsmøtet.

(1) S § 9 jf. L § 11 nr. 10

#### **(§15 BLADSTYRET SLETTA PÅ ÅRSMØTET 26. MARS 2008)**

#### **§16 BUNADNEMNDA**

Bunadnemnda <sup>(1)</sup> har 3 til 5 medlemmer. Nemnda vel sjølv leiar.

Nemnda skal arbeida for å fremja bunadskulturen og vera eit rådgjevande opplysende organ for medlemene. Kunnskap om bunadsspørsmål kan m.a. spreiaast gjennom personleg kontakt med lagsfolk og gjennom særskilde bunadskveldar. Lagsfolk skal kunna venda seg til nemnda for å få råd om bunadsspørsmål.

Nemnda skal medvite arbeida for å utvida sitt eige kunnskapsområde. Dette kan m.a. gjerast gjennom litteraturstudier, ved å søkja samband med Bunad- og folkedraktrådet i Noreg og Bunadnemnda i Noregs Ungdomslag, museum og husflidsutsala våre og med einskildpersonar som kan gjeva opplysningar om bunader og bunadsbruk.

Nemnda skal leggja fram melding om arbeidet sitt på årsmøtet. <sup>(2)</sup>

(1) S § 9 jf. L § 11 nr.10

(2) Jf. L § 11 nr. 2

#### **§ 17 BUDSJETT**

Rådet <sup>(1)</sup> skal i november fastsetja mellombels budsjett <sup>(2)</sup> for laget.

Laget skal ha driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Driftsbudsjett set av midlar til løn, kontorutloger, blestarbeid, årspengar til samskipnader laget er med i og andre kostnader iden løpande drifta. I vedtaket om driftsbudsjett fastset årsmøtet <sup>(3)</sup> og kor mange faste stillingar det kan vera på lagskontoret.

Investeringsbudsjettet set av midlar til særskilde prosjekt, større vedlikehaldsoppgåver og anna som ikkje høyrer under driftsbudsjettet. Årsmøtet kan fastsetja at midlar til eit tiltak skal handsamast som saker etter lova § 10 andre leden.

Budsjettendringar kan gjerast på omframt årsmøte. Mindre endringar innanfor budsjettet kan styret gjera etter å ha høyrte rådet. Styret skal revidera budsjettet i samsvar med vedtak etter denne leden og etter lova.

(1) L § 8

(2) og (3) jf. L § 11 nr.7

## **§18 REKNESKAP**

Rekneskapen <sup>(1)</sup> for laget og særlaga skal drøftast i rådet <sup>(2)</sup>

1. I juni for januar – april
2. I oktober for januar – august
3. I februar for heile året

Særlaga skal før 1. februar kvart år senda styret og rådet budsjett og godkjend rekneskap.

Styret skal setja opp eit samla oversyn over rekneskapane til laget og særlaga.

(1) L § 11 nr.3

(2) L § 8, 2. leden.

## **§ 19 ETTERSYN**

For kommande rekneskapsår <sup>(1)</sup> nemner rådet kvar haust opp:

- a) Ein registrert eller statsautorisert revisor <sup>(2)</sup> som skal ha det vanlege revisjonsansvaret for laget og særlaga.

(1) Jf. S § 18

(2) Lov 14.03.1964 nr. 2 om revisjon og revisorar

## **§ 20 RÅDET OG ØKONOMISKE TILTAK LAGET ER MED I**

Delårsrekneskapar for økonomiske tiltak <sup>(1)</sup> laget eig fullt ut, skal drøftast i rådet, og så langt det høver til dei tider<sup>(2)</sup> som er nemnde i § 17.

Rådet fastset drøftingsgrunnlaget for andre økonomiske tiltak laget er med i.

Rådet skal kvart budsjettår gjeva lagsstyret tilråding om husleiga, rentesatsar på lån og andre ytingar laget skal ha av økonomiske tiltak laget eig fullt ut.

Medlemene i styret for økonomiske tiltak laget eig fullt ut, har ikkje røysterett når rådet og styret er årsmøte for tiltaket. Det same gjeld i rådssaker om økonomiske ytingar nemnde i tredje leden.

(1) og (2) jf. L § 11 nr. 4

(3) Jf. L § 8 siste leden.

## **§ 21 SÆRLAGA, OM DRIFT OG INVESTERING**

I drifta kan eit særlag <sup>(1)</sup> binda seg økonomisk til kostnader som trengst i vanleg forsvarleg drift. Særlege driftstiltak utanom den vanlege drifta treng samtykke frå lagsstyret.

Eit særlag kan innanfor føremålet sitt, investera midlar i den mon det har fri eigenkapital. Ei investering lyt gjerast slik at ansvaret for særlaget vert avgrensa til den investerte summen.

Særlagsstyret skal leggja vedtak om investering fram for lagsstyret <sup>(2)</sup>. Særlagsstyret kan ikkje setja i verk vedtak dersom lagsstyret skulle koma til at vilkåra etter andre leden ikkje er oppfylte.

(1) L § 2, 3. leden, S § 3.

(2) L § 5

## § 22 FRAMLEGG FRÅ MEDLEMER

Framlegg til vedtak i laget<sup>(1)</sup> skal vera skriftleg med grunngeving, og skal leverast til lagskontoret. Styret drøftar framlegget og set det på saklista snarast råd. Framlegg til årsmøtet <sup>(2)</sup> må vera levert seinast i januar.

Framlegg kan likevel gjerast under møtet dersom det har beinveges samanheng med ei sak som er oppe til drøfting i årsmøtet, og det vert teke opp medan saka er under ordskifte. Vert eit framlegg drege attende, kan det haldast oppe av ein annan.

(1) L § 2, 1. og 2. leden.

(2) L § 11.

## § 23 ORDSKIFTE

Når grunnlaget for ordskiftet er eit framlegg, har den som har gjort framlegget og i tilfelle ein målsmann for den nemnda som har førebudd saka og ein frå styret, rett til å tala fyrst.

Møtet fastsett taletida. Møteleiaren kan, når han meiner det er om å gjera for ordskiftet, gjeva løyve til stutte innlegg utanom tur. Møteleiaren kan som lagsmedlem taka ordet til korte merknader i ei sak utan å gjeva frå seg møtestyringa.

Ein talar kan berre under særlege høve få ordet meir enn to gonger i det ålmenne ordskiftet om ei sak. Det same gjeld for det særskilde ordskiftet om ei sak.

Det kan vedtakast at ordskiftet skal avsluttast før alle dei skrivne talarane har hatt ordet. Framlegg må vera gjort av møteleiaren eller 10 lagsfolk, og framlegget må få to tredelar fleirtal.

## § 24 TALAR SOM BRYT REGLANE

Dersom nokon set seg ut over reglane i § 23 skal møteleiaren åtvare, og taka opp att åtvaringa om det er turvande. Rettar talaren seg likevel ikkje etter reglane, kan møteleiaren taka ordet frå talaren for resten av ordskiftet.

## §25 RØYSTING

Open Røysting: <sup>(1)</sup>

Den vanlege røystingsmåten er at dei som røystar for eit framlegg, reiser seg. Deretter er det motprøve.

Skriftleg røysting: <sup>(2)</sup>

Den som røystar skal skriva på røystesetelen korleis han røystar, og sjølv leggja setelen i urna. Røyster nokon annleis enn det er høve til, skal røystesetelen vrakast.

Røystemåten må vera oppgjeven og godteken før det vert røysta.

Ein medlem som ikkje er i salen når røystinga tek til, får ikkje røysta.

(1) og (2) L § 12,

(3) Jf. S § 26 og L § 3, 1. og 2. leden.

## § 26 UGILD I RØYSTING

Ugild i røysting er den som sjølv kan få økonomisk fordel i avgjerda. Det same gjeld om nære slektningar eller arbeidsgjevaren kan få det.

Ein medlem som er ugild, skal melda frå til møteleiaren og levera røystesetelen, og bør ikkje vera til stades under drøftinga.

Har ein som er ugild røysta likevel, skal saka takast opp att dersom mistaket kan ha vore avgjerande og saka ikkje gjeld ein liten verdi.

### **§ 27 RØYSTEOPPGJER**

Oppteljing av røystene skal gjerast av ei nemnd som møtet vel. Er det uhøveleg å telja opp med det same, kan oppteljinga utsetjast, men må gjerast innan 2 dagar. Til då skal røystesetlane liggja i ein lukka konvolutt, påskriven av to medlemmer frå nemnda.

Nemnda gjev styret skriftleg og underskriven melding om utfallet.

### **§ 28 TIDSGRENSE FOR AVGJERDER**

Avgjerd ilagssaker kan ikkje takast etter kl. 23.00, utan at møtet under fastsetjing av saklista har vedteke å halda på lenger. Avgjerd kan ikkje takast etter kl. 24.00.

### **§ 29 TIDSGRENSE FOR Å TAKA OPP ATT EI SAK**

Når ei sak er avgjort, må ho ikkje takast opp på nytt før eit år er gått. Tida frå eit årsmøte til neste vert i dette høvet å rekna for som eit år.

Når eit framlegg har vore sett på saklista og det har vore høve til å drøfta det, men det har falle bort eller vorte vraka, gjeld fyrste leden tilsvarande. Styret kan gjera unntak frå desse reglane når det er turvande.

### **§ 30 TILDELING AV LIVSVARIG MEDLEMSKAP**

Styret kan utnemna lagsfolk til livsvarige medlemmer. Vedtaket krev 5 røyster, og skal nemnast i årsmeldinga.

### **§ 31 ENDRING AV LOVA OG STYRINGSFØRESEGNENE**

Om framlegget til lovbrigde <sup>(1)</sup> gjev styret skriftleg tilråding til årsmøtet <sup>(2)</sup>. Styringsføresegna kan endrast med vanleg fleirtal på eit årsmøte <sup>(3)</sup>. Framlegg må kunngjerast som for lovbrigde<sup>(4)</sup>

(1) L § 16

(2) og (3) L § 11 nr. 12 og 13

(4) L § 16, 3. leden.